



Berit Harriet Døssland og Marta Bakke klare med Mor Monsen, melkekaker og krydderkaker. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kvar annan onsdag står det ein time med allsong på aktivitetskalenderen på Rosendalstunet. "Syng med oss" leia av verksemdsleiar for Rosendal-sona Leif Kongestøl er eit høgdepunkt for mange av dei 50 som bur der. Men dei gler seg ekstra når "Uskedal-gjengen" skal ha ansvaret for serveringa i pausen. For då står det godsaker på menyen.**



Ein kjent uskedeling på Rosendalstunet har fått besøk av oldebarnet sitt: Jenny Haugland, betre kjent som "Mollo", blir nitti i juli medan Jonatan Rørvik Nordal er åtte månader. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det går mest i julebrød her ellers i året, men vi har med kaker som vi veit dei gamle likar, seier Selma Eik, Berit H. Myklebust, Berit Harriet Døssland og Marta Bakke før det blir pause i sangen.

Då kjem dei inn med tre slag: Selma har laga melkekaker, Marta Mor Monsen og Berit krydderkake.

Kakemenyen er fast med unntak av at Selma av og til varierer med potetkaker. Tre-fire gonger i året har kvartetten frå Uskedalen ansvaret for kakeproduksjon og servering av kane. No har dei hatt denne oppgåva i tre års tid.



Leif Kongestøl leiar songtimen på Rosendalstunet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Og vi juksar slett ikkje, vi stikk ikkje ned på SPAR som snarast og kjøper Mor Monsen med plast rundt. Vi byggjer opp alt sjøve frå grunnen, til og med egga er ekte "Døsland-vare".

Det forsikrar kvartetten når jobben er gjort og dei får ein spesiell takk av verksemdsleiaren for innsatsen.

Dei har også ein spesiell glede av å gjennomføra den, for på Rosendalstunet er det mange frå Uskedalen som dei kjenner og har kjent i mange år.

Songtimen er ellers også eit kapittel for seg, den er eit trivselstiltak som det er vel verd å sette strek under. No er det ti år siden sidan han vart starta som innslag i eit prosjekt, men korkje verksemdsleiaren eller medhjelparane hans verkar utslitne.

Engasjementet frå dei som syng med er det heller ikkje noko å utsettja på. Det kjem stadig ønskje om spesielle songar og dei kvitterar forsongaren for på denne måten:

- No likar eg dykk!

Av Ola Matti Mathisen



"Leve i stunda" opnar songtimen. Lengst til venstre sit Selma Eik frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)